

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
59/19	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	25.09.2019

Saksbehandlar: Torstein Hole
Arkivreferanse: 2019/132

Forslag til vedtak:

1. Styret ber om at det vert laga eit forslag til Forbetringsprogram for Helse Møre og Romsdal for 2020.
2. Forbetringsprogrammet skal omfatte dei viktigaste føretaksovergrepande utviklingsprosjekta samt prosjekt som er av så stor betydning for verksemda at dei bør vere forankra i styret.
3. Alle prosjekt må beskrivast med tydelege mål, milepeler og ansvarlege.
4. Forslag til Forbetringsprogram vert lagt fram for styret i desember, og vert rapportert til styret kvart tertial. Forbetringsprogrammet skal reviderast kvart år.

Ålesund, 18.09.19

Nils Kvernmo
konstituert adm. direktør

Bakgrunn

Gjennom «operasjonalisering av utviklingsplan i Helse Møre og Romsdal» har foretaket arbeidd med konkretisering av tiltaka i den vedtatte utviklingsplanen for HMR, og med ytterlegare tiltak for fagleg og økonomisk berekraft i foretaket i erkjenning av at vedtatt utviklingsplan ikkje sikra økonomisk berekraft. Ein syner her til tidlegare styresaker 2018/2019. Foretaket har vedtatt at satsing på kontinuerleg forbetring er ein hovedstrategi for fagleg og økonomisk berekraft. Det vert i samarbeid med styret arbeidd med å utvikle ein kvalitetsstrategi for foretaket som kan gje ytterlegare retning og kraft i dette arbeidet.

Gjennom arbeidet med operasjonalisering av utviklingsplanen har foretaket presentert ulike prosjekt som skulle gje økonomiske effekter. Styret har gitt konstituert administrerande direktør i oppdrag å redusere kostnadane gjennom nedtak av utgifter tilsvarande 130 årsverk. I denne situasjonen ser AD at det er ønskeleg med eit klarare skille mellom dei akutte og langsiktige økonomiske omstillingstiltaka og forbetningsprogram og fagleg utviklingsarbeid i foretaket. På den bakgrunn ønsker ein å omorganisere utviklingsarbeidet i eit forbetningsprogram. Saka vert no lagt fram for styret for drøfting med tanke på å få tilslutning til konseptet forbetningsprogram i HMR, og ein ynskjer i den samanheng også innspel frå styret om områder som bør prioriterast inn i programmet.

Forbetningsprogram i Helse Møre og Romsdal

Det er tidlegare presentert 9 ulike prosjekt for styret relatert til omstillingsarbeidet for berekraft i foretaket. Dette har vore ulike typer tiltak frå utviklings og innovasjonsprosjekt til strukturelle tiltak og nedbemanningsprosjekt. For å få fram eit klart skilje mellom dei akutte økonomiske omstillingane og både kort- og langsiktig forbetningsprosjekt, vert det organisert eit «Forbetningsprogram» i HMR. Dette programmet tar opp i seg dei tidlegare vedtatte utviklingsprosjekta med fokus på forbetring av prosessar og drift. I starten vil ein konsentrere seg om igangsette prosjekt, men det vil på sikt vere trong om vurdering av kva type prosjekt som naturleg vil vere del av foretaket sine kort- og langsiktige satsingar. Til dømes har ein ved StOlav nokon kriterier for val av prosjekt som skal løftast inn i foretaket sine årlege satsingar:

- Skal angå alle klinikkane
- Skal ha målbare resultat (definerte KPI-ar)
- Skal understøtte foretaket sine strategiske satsingar på framifrå helsetenester og berekraftig økonomi

HMR må gjennom interne prosessar tilpasse programmet til dei særlege utfordringane ein no har både på kort og lang sikt. Programmet kan ikkje inkludere alle forbetningsinitiativ i foretaket, men må prioritere utvalde satsingar og ressurssette desse slik at kan lukkast med raskare omstilling med lågare risiko.

Hovedmålet for programmet er å bidra til betre tenester som oppfyller dei strategiske måla til foretaket. Prosjekta i programmet skal gjennom ressurssetting og prioritering bidra til betre tenester på kort og lang sikt, men skal også bidra til at klinikkane når omstillingsmåla utan at det er primært økonomiske mål i prosjekta, og det er klinikkane som er ansvarlege for vurdering og uttak av økonomiske effekter i prosjekta.

Organisering av programmet

Fagdirektør er programeigar.

Det vert oppretta ei overordna styringsgruppe for programmet som vert samansett av leiargruppa og representantar frå fagorganisasjonane, vernetenesta og brukarane. Det kan i særlege høve opprettast «oppfølgingsgrupper» til einskilde prosjekt med særlege behov eller kompleksitet.

Kvart prosjekt som vert inkludert i prosjektet skal ha ein eigen prosjektleiar.

Inkluderte prosjekt

Digitaliseringsprosjektet: Dette er eitt av dei 9 prosjekta frå operasjonalisering av utviklingsplanen. Prosjekteigar er IKT sjef Odd Arne Maridal. Prosjektet har ei rekke aktivitetar, men hovudfokus er avstandsoppfølging og virtuelle poliklinikkar. Det er etablert eit samarbeid med StOlav.

Program for effektive pasientforløp: (Tidlegare kalt «sengepostprosjektet») Dette prosjektet er ei hovedsatsing i utviklingsarbeidet i føretaket. Etter vurdering i leiargruppa vert både intensiv og operasjonsprosjektet inkludert i dette programmet. Dette er eit stort utviklingsprosjekt som må ressurssettast med både eigen prosjekteigar og eigne prosjektleiarar for dei største delprosjekta. Det er tidlegare prioritert to delprosjekt i fase 1 med mål om reduksjon av ein sengepost i Molde og ein i Ålesund sjukehus. Det er tidlegare vedtatt ein sengereduksjon i føretaket med nedtak av personellressurser på bakgrunn av intern og ekstern benchmarking. Det er klinikkane som har ansvaret for denne sengereduksjonen, men prosjektet skal hjelpe klinikkane med å gjennomføre dette med så låg risiko for pasientar og tilsette som mogeleg, og slik at kan realisere økonomiske gevinster i tråd med plan.

Operasjonsprosjektet er eit anna høgt prioritert delprosjekt som må ressurssettast betre innan kort tid for å nå oppsette mål.

Andre prosjekt

Regionalt koordinerte forbettingsprosjekt: Reduksjon av postoperative infeksjonar og implementering av LIS innkjøpsavtaler for medikament er døme på to regionale forbettingsprosjekt som seinare etter nærare vurdering kan verte tatt inn i portefølgen avhengig av organisering og omfang av dei lokale delprosjekta.

Rehabiliteringsprosjektet: Dette er eit toårig utviklingsprosjekt saman med kommunane med eiga styringsgruppe, og er ikkje del av forbettingsprogrammet.

Særlege satsingar i utviklingsplanen: Det er i utviklingsplan vedtatt at ein skal vurdere nærare etablering av operasjonsrobot, PET og PCI. Desse prosjekta inngår ikkje i forbettingsprogrammet, og ansvaret for desse prosjekta ligg hjå ulike klinikksefjar.

Vidare utvikling av forbettingsprogrammet

Ein hovedaktivitet framover vert å etablere ei overordna styringsgruppe for programmet, ressurssette prosjekta, og å revidere dei ulike mandata.

Det må i tillegg utarbeidast prosessbeskriving for prioritering og seleksjon av prosjekt som skal inn i forbettingsprogrammet samt krav til målbare effekter gjennom td KPI-ar.

Ein overordna hovedaktivitet i 2020 vert samordning av visjon, strategisk satsing på kvalitetsforbetring og pasientsikkerheit, utvikling av ein kvalitetsstrategi, og innhaldet i forbettingsprogrammet.

Dei to inkluderte prosjekta er av ein slik karakter at dei vil gå over fleire år, og det vil vere svært viktig å samordne aktivitetane, og sikre tilstrekkeleg framdrift og effekt på nøkkelprossesar.